



Fleire lag og foreningar samt utformelle grupper i bygda gjer ein imponerende jobb og ein av dei er helselaget. År etter år gjennomfører det inntektsbringande tiltak som er av overraskande format i ei så lita bygd. Stikkord her er basar og demensaksjon, men det stoppar ikkje der. Vi plukkar frå årsmeldinga:

- * Frukttudeling på skulen
- * Sal av 500 hjartelodd med hjelp frå skulen
- * Kaffi og kaker til rosendalstunet 3 gonger
- * Julehelsing i form av blomar til dei oiver 90
- * Blomar til jul også til Husnesteunet, Rosendalstunet, Hagetunet og KV.
- * Årleg tur, dette året til Norheimsund
- * Pakking av julegaver til sjukehuset på Valen
- * Gågrupper i aktivitet

Biletet: Møyfrid Kristoffersen orienterar under årsmøtet